

Kommunestyre si handsaming av sak 14/2025 i møtet den 11.02.2025

Røysting

Framlegg frå Sverre Bakke (Sp):

1.

Varslingsaka på kommunedirektøren vert lukka i trå med tilrådinga frå utvalet som arbeida med denne saka.

2.

Kommunestyret bed kommunedirektøren legg fram sak for administrasjonsutvalet om korleis ein gjennomfører ein arbeidsmiljøundersøking i trå med det utvalet gjer framlegg om.

3.

Administrasjonsutvalet er styringsgruppe for undersøkinga.

Grunnen til at eg legg fram dette nye framlegg til vedtak er at eg meiner gruppa sitt framlegg ikkje er i trå med kommuneloven § 13-1 og ikkje i trå med våre regler for offentleg anskaffelser.

I administrasjonsutvalet sit alle i formannskapet, tillitsvalde og personalsjef og kommunedirektøren. Hovudvernombod sit der ikkje, men bør få møterett og talerett når ein handsamar denne saka.

Då vil alle som har rett til medvirkning og informasjon få denne på same tid og ha ei hand på rattet.

Nytt framlegg frå arbeidsgruppa:

Tokke kommune lukkar varslot mot kommunedirektør med å gjennomføre ei kvalitativ arbeidsmiljøundersøking i regi av Bedriftshelsen.

Administrasjonsutvalet vert styringsgruppe for prosjekt og Arbeidsmiljøutvalet vert referansegruppe.

I forkant av undersøkinga vert det det halde eit møte mellom styringsgruppe, arbeidsmiljøutval og Bedriftshelsetjenesten for å konkretisere innhaldet i undersøkinga. HVO skal ha stemmerett i administrasjonsutvalet i denne saka.

Nytt framlegg frå arbeidsgruppa vart sett opp mot framlegg frå Sverre Bakke (Sp).

Nytt framlegg frå arbeidsgruppa vart vedteke med 14 mot 7 røyster.

For (14):

Ap

Sp: Olav Ståland, Laila K. Taraldlien, Anne Vadder Midtbø, Jon Aslak Austjore, Birgit Johanne K. Olsnes

SV

Frp

H

Mot (7):

Sp: Jarand Felland, Sverre Bakke, Gudny Anette Lofthus, Camilla Lagergren
Knudsen, Geir Arild Djuve

KrF

MDG

Vedtak

Tokke kommune lukkar varslet mot kommunedirektør med å gjennomføre ei kvalitativ arbeidsmiljøundersøking i regi av Bedriftshelsen.

Administrasjonsutvalet vert styringsgruppe for prosjekt og Arbeidsmiljøutvalet vert referansegruppe.

I forkant av undersøkjinga vert det det halde eit møte mellom styringsgruppe, arbeidsmiljøutval og Bedriftshelsetjenesten for å konkretisere innhaldet i undersøkjinga. HVO skal ha stemmerett i administrasjonsutvalet i denne saka.
